




Forsand kommune

-Kommunen som vågar!

Budsjett 2017 Økonomiplan 2017-2020

Rådmannen sitt forslag



Kommentarar til Budsjett 2017 og Økonomiplan 2017-2020

1. Generelt

Med det ein viser til kommunelova § 45, legg ein med dette fram budsjettforslag for Forsand kommune for 2017. Kommunestyret skal vedta budsjettet samstundes med at det i medhald av skattelova § 139, gjer vedtak om skattelegging. Budsjettet bygger elles på innhenta framlegg frå dei ymse seksjonar, råd og styrer, samt vedtatt økonomiplan for 2016-2019. Det er i samsvar med føresegnene laga eit kapitalbudsjett og eit driftsbudsjett, kor kapitalbudsjettet viser investeringane og finansieringa av desse.

2. Vedtak om skattelegging og budsjett.

Av rundskriv frå kommunal- og arbeidsdepartementet går det fram at det skal gjerast vedtak om forskot på skatt for inntektsåret 2017.

3. Føresetnad for reell budsjettering

I følgje kommunelova § 46, skal budsjettet vere ein plan for kommunen sine utgifter og inntekter i budsjettåret. Alle pårekna inntekter og utgifter skal vere med og budsjettet skal settast opp i balanse.

Det vedtekne budsjettet er bindande for kommunale myndigheiter sin forvaltning i budsjettåret.

Det vert vidare lagt til grunn at:

- Budsjettet skal haldast innanfor ei forsvarleg økonomisk totalramme.
- Låneskulda skal haldast på eit forsvarleg nivå. Låneopptaka må ikkje overstige det kommunen vil makte å forrente og amortisere i tillegg til dei auka driftsutgiftene investeringane vil føre med seg.
- Det må ikkje forskotterast meir av kontantmidlane enn omsynet til forsvarleg likviditet til ei kvar tid tilseier.
- Det er kommunen sjølv, og då først og fremst formannskapet og kommunestyret som har hovudansvaret for å halde verksemda innanfor ramma av dei kommunale ressursane som kan påreknast.
- Dei kommunale seksjonane, utval og råd deler og dette ansvaret. Det er difor viktig for alle parter å følgje utviklinga gjennom året og gripe inn om det er naudsynt.

4. Økonomisk opplegg frå regjeringa

Vekst i samla inntekter.

Regjeringen legg opp til en realvekst i kommunesektorens samla inntekter i 2017 på 4,1 mrd. Av dette får:

- Fylkeskommunane 0,5 mrd kroner
- Kommunane 3,6 mrd kroner

Dei frie inntektene skal dekkje:

- Tidlig innsats grunnskole
- Opptrappingsplan rusfeltet
- Opptrappingsplan habilitering og rehabilitering
- Økt satsing skolehelsetjenester og helsestasjoner
- Fornyng og opprusting av fylkesveier

Pensjonskostnadene i 2017 vil auke reelt med vel 0,9 mrd. utover lønnsvekst.

Inntektssystemet

Rammetilskotet vert fordelt til kommunane gjennom inntektssystemet. Endringane i kriteria for rammetilskot har vært utfordrande for Forsand kommune sidan 2014. Samanlikna med tidlegare prognosar ser situasjonen for 2017 likevel betre ut etter seinaste prognosemodell for kommunenes frie inntekter på basis av forslag til statsbudsjett for 2017:

(i kr 1000)	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sum rammetilskot	36 934	41 049	41 622	41 719	42 735	44 889	45 151	45 242	45 291
Auke frå året før	-	4 115	573	97	1 016	2 154	262	91	49
Sum skatt og rammetilskot	80 308	85 780	88 089	89 505	92 500	95 400	95 700	95 700	95 800
Auke frå året før	-	5 472	2 309	1 416	2 995	2 900	300	0	100

Som det kommer fram er det venta at auke i sum skatt og rammetilskot i 2017 blir på stort sett sama nivå som auken frå 2015 til 2016. Forventa auke er på kr 2,9 mill. Dette byr likevel på utfordringar. Forsand kommune sine utgifter aukar årleg med rundt kr 4,0 mill. som følgje av løns- og prisvekst. Med andre ord blir den reelle auken i utgifter ikkje kompensert fullt ut gjennom auken i skatt og rammetilskot.

5. Kommunen sin økonomi

Forsand kommune sin økonomi i 2017 er først og fremst prega av ei markant nedgang i eigeomsskatten på kraftanlegg. Eigeomsskatten er for 2017 sett til kr 37,5 mill, noko som er ein nedgang frå 2016 på heile kr 7,0 mill. Før denne nedgangen var ein i balanse med budsjettet og i ein allereie pressa økonomi blir dette svært merkbart. Årsaka er først og fremst nedgang i kraftprisen på markedet i tillegg til store rehabiliteringsprosjekt og utbyggingar som medfører større driftsutgifter i dei siste av 5-års

beregningsgjennomsnittet enn dei første. Det er pr. dags dato ikkje avklart om utbygginga i Lysebotn er oppgradering av eksisterande anlegg eller oppføring av nytt anlegg. Kommunen har begjært omgjerding av eige-domsskattegrunnlaget for utbygginga i Lysebotn, LVK har saka og Skatteetaten har lova svar innan utgangen av oktober. Elles er organisasjonen prega av at innsparingstiltak er innarbeida i dei siste åra for å skapa framtidige økonomiske handlingsrom. Ikkje lovpålagte oppgåver blir vurdert og kutta før det blir reduksjon i lovpålagte oppgåver. Det medfører stadig større utfordringar for å oppretthalda budsjettbalansen slik at aktivitetar og tenestetilbud vert tilpassa inntektsrammene. Drifta er nå meir kostnadseffektiv enn tidlegare år men er samstundes prega av aukande tenestebehov så det vil framleis vera behov for nye effektiviseringstiltak.

Ein av dei største drivarane på utgiftssida er lønspostane. Her er det aller meste faste utgifter, men også variabel løn som overtidsbruk må vurderast nøye. Gode lønsoppgjær tidlegare gjer store utslag i økonomien. For 2017 utgjer lønsutgiftene inkl. sosiale utgifter godt og vel 73% av kommunen sine totale driftsutgifter. På inntektssida er det ennå ein del å gå på før ein er på sjølvkostnivå i VAR-sektoren, vatn og avlaup.

Rammetilskotet for 2017 er sett til kr 44,9 mill. noko som er ein auke frå 2016 som var kr 42,2 mill. Skatteinngangen på inntekt og formue er oppjustert og budsjettert med kr 50,5 mill. noko som er ein auke på kr 0,75 mill. frå 2016. Desse prognosane er usikre då endelege tal for rammetilskotet 2016 blir fordelt i februar 2017 avhengig av inntektsutjamninga som vert berekna fortløpande i 2016. Avvik i skatteinngangen vil og påverka rammetilskotet då desse vert sett i samanheng.

Konsesjonsavgifta er for 2017 sett til kr 9,996 mill. og det er budsjettert med avsetning til kraftfondet på kr 96.000.

Det framlagde driftsbudsjettet er gjort opp med eit brutto driftsresultat på kr -1,413 mill. Brutto driftsresultat kjem fram etter at skattar, rammetilskot og andre inntektspostar er inntektsført med kr 185,8 mill. og driftsutgiftene er utgiftsført med kr 187,3 mill. Renter/avkastning, avdrag, eigarandel frå Elverket og avskrivingar er ikkje medteke her. I budsjettet for 2017 ligg det som tidlegare år uttak av eigarandel i Forsand elverk på kr 3 mill. Det er foreløpig ikkje lagt opp til auke i dette uttaket som har vore stabilt på kr 3 mill. dei siste åra men det kan bli aktuelt å auke denne dersom ein skal oppretthalde dagens nivå i dei kommunale tilboda.

Netto driftsresultat i 2017 berekna til kr -1,12 mill og er -0,6 % av driftsinntektene. Dette er ikkje i samsvar med anbefalt resultat på 1,75 % frå sentrale styresmakter for kommunesektoren. Kravet er sett for å ivareta formuesbevaringsprinsippet som tilseier at realverdien av formuen vert oppretthalden over tid.

Momskompensasjonen som skal førast i drift er for 2017 berekna til kr 5,5 mill. Momskompensasjonen som oppstår i investering vert fullt ut ført tilbake i investeringsrekneskapen.

Fondsmidler

Status på fond i Forsand kommune (i kr 1000):

<i>Fond</i>	<i>Saldo 01.01.16</i>	<i>Endring 2016</i>	<i>Saldo 31.12.16</i>
Bundne driftsfond	22.400		22.900
Herav kraftfond	18.400	-600/+1.100	18.900
Ubundne inv.fond	26.000		24.800
Herav vegfond	22.500		22.500
Herav kap.fond	3.000	-1.200	1.800
Disposisjonsfond	53.700		44.400
Herav kursreg.fond	41.000	-3.000	38.000
Herav disp.fond	10.400	-7.800/+1.500	4.100
Sum	102.100		91.100

Kommentarar til oversikten:

- Bundne driftsfond/kraftfond: Bruken av midlar frå kraftfondet er regulert gjennom retningslinjer for bruk av konsesjonsinntekter.
- Ubundne investeringsfond/vegfond: Hele vegfondet (kr 22,5 mill.) er disponert i vedtatt økonomiplan, tiltak tunnell Espedal-Frafjord.
- Disposisjonsfond/kursreguleringsfond: Kr 27,5 mill. må realiserast for å fullfinansiere tiltak tunnell Espedal-Frafjord. Det betyr at det i utgangspunktet bare er rundt kr 10 mill. igjen på fondet.

Kommunen si lånegjeld

Det er lagt ein opp til ein økonomiplan med aukande låneopptak i den neste 4-års perioden. Samla lånegjeld pr. 31.12.16 vil vera om lag kr 157 mill., av desse er kr 30 mill. startlån til vidareformidling. Kommunen vil vera svært sårbar ved renteoppgang, og aukande lånegjeld vil binda stadig meir midlar til renter og avdrag. I 2017 utgjer avdrag og renter hhv. kr 5,9 mill. og 2,7 mill. (inkl. startlån). Kapitalkostnader til næringsbygg som skal dekkast frå kraftfondet er inkl. i desse beløpa (jmfr. tidlegare vedtak i kommunestyret) men er justert til reelle nivå, samla kr 0,9 mill. Ein del av låna som er planlagt tatt opp i perioden 2017-2020 er lån til utleigebustadar og desse vil og utløyse tilskot frå Husbanken.

6. Driftsbudsjettet

Seksjonane og fellestenestar har i forslaga til budsjett lagt inn dei omstillingstiltaka som kommunestyret i juni vedtok innarbeid i budsjett 2017. Summen av desse omstillingstiltaka er på kr 6,5 mill. Bakgrunnen for å gjennomføre omstillingsprosessen i år var å sikre samsvar mellom utgifter og inntekter i 2017. Omstillingstiltaka isolert sett hadde gitt den ønska budsjettbalansen, netto driftsresultat var på ønska nivå, det vil si omtrent 1,75 %. Forutsetningane endrast imidlertid dramatisk når Forsand kommune 17. oktober 2016 mottar grunnlaget for eigedomsskatt for 2017. Som omtala under punkt 5 er reduksjonen i eigedomsskatt på kr 7,0 mill. for Forsand kommune.

Eit anna element som påverka budsjettbalansen negativt i tolvte time er at forventa mottak av flyktningar 2017 reduserast frå 20 personar til 10. Samstundes er det ikkje forventning om å nå heile kvoten på 20 flyktningar i inneverande år. Dette betyr en reduksjon i integreringstilskot på rundt regnet kr 3,0 mill. Når talet på flyktningar reduserast vil og kostnadene bli redusert. Det er likevel slik at færre flyktningar betyr at finansieringa av ulike «grunnkostnader» svekkast.

Seint i budsjettprosessen blei det naudsynt med ulike grep på grunn av inntektsreduksjonen på til saman kr 10 mill. Mellom anna har ein sentral budsjettert pott som skulle dekke lønsauke i organisasjonen blitt tatt bort for å balansere utgifter og inntekter. Det betyr at seksjonane i 2017 sjølv må finne rom for lønsauke innan tildelt ramme. Ein anna justering er at forventa gevinst på fondsmidlar har blitt auka med kr 1,0 mill. Dessutan nyttas nærare kr 1,0 mill. frå disposisjonsfond for å sikre budsjettbalanse. Felles for dei naudsynte justeringane er at dei skape større sårbarheit i driftsbudsjettet.

Sjølv om det har blitt tatt grep leggjar rådmannen fram budsjettforslag med forventa negativt driftsresultat på kr 1,1 mill. Etter positive driftsresultat i 2014 og 2015, og ein forventning om et positivt resultat for 2016 budsjetterast det altså underskot på drifta i 2017. Som følgje av at meldingane om inntektssvikten kom så seint i prosessen har det ikkje vært aktuelt å gjennomføre nye rundar for å finne fleire omstillings- og innsparingstiltak i organisasjonen. Rådmannen planlegg likevel ny runde med val av omstillingstiltak i 2017. I den grad det er mogleg å finne omstillingstiltak som kan implementerast med kort varsel, og det er politisk tilslutning til dette er det likevel mogleg å få et positivt driftsresultat i 2017 og. Sjølv om Forsand kommune får medhald i at den markante nedgangen i eigedomsskatt er feil er det likevel lurt fortsette jobben med å redusera driftsnivået i organisasjonen.

Det hadde vært mogleg å leggje fram eit budsjettforslag med eit nettodriftsresultat på 1,75 %. Viss det hadde blitt lagt inn innsparingskrav til alle seksjonar og felles tenestar på til saman nærare kr 5,0 mill. hadde netto driftsresultat vært på anbefalt nivå. Når det ikkje er gjort skyldast det at rådmannen ikkje har vurdert som hensiktsmessig å gjennomføre så store innsparingar utan å involvere det politiske nivået.

På dei neste sidene følgjer budsjettkommentarane frå fellestenestar og seksjonane.

Fellestenestar

På fellestenestar er det lagt inn innsparingar knytta til omstillingstiltaka på til saman kr 710.000. Det er likevel ulike grunnar til at utgiftene innan fellestenestar aukar frå 2016 til 2017. Den vesentlegaste årsaka er valet om å styrke den faglege kompetansen på rådmannsnivå innan skule og barnehage. På IT-området aukar utgiftene til mellom anna lisensar og linjeleie og det er i tillegg en auke i kostnadene knytta til driftsavtalen med Stavanger IT. Innan området politisk er det auka utgifter som følgje av at det er stortingsval i 2017.

Barnehagen

Barnehagen har hatt nedgang i talet på barn frå våren 2016 til hausten 2016. Vi forventar at nedgangen i barnetalet held fram og i 2017, grunna lågare fødselstal enn tidligare.

Reduksjon av barnehageplassar, og endra rammer for bemanning, jf omstillingstiltaka som tidligare er vedteke, fører til at barnehagen reduserer talet på stillingar i 2017. Først og fremst ved naturleg avgang, då tre tilsette vil gå av med pensjon våren 2017. Utover dette vil barnehagen ikkje sette inn vikarar i eventuelle permisjonar, og slik redusere bemanninga ytterligare.

Barnehagen har i løpet av hausten avslutta samarbeidet om gardsbesøk, og redusert bemanninga med 20 % sekretær stilling.

Barnehagen har no fleire barn som får spesialpedagogisk hjelp, og barnehagen har frå august 2016 hatt behov for 100 % ressurspedagog. Ein del av denne ressursen skal dekkast ved midlar som er øyremerka til flyktningar, den andre delen klarer barnehagen å dekke innafor budsjettramma.

Følgjande omstillingstiltak er tatt med i budsjettet for 2017:

- Endra bemanningsnorm
- Endra organisering av ubunden plantid
- Avslutta gardsbesøk
- Redusert 20 % sekretærstilling

For å unngå oppseiingar av tilsette, vil tiltaka som inneber reduksjon av stillingar vere gjeldande frå hausten 2017.

Seksjon familie

Seksjon familie har redusert ramma med om lag kr 1,0 mill. frå 2016 til 2017. Inndragning av seksjonsleiarstilling er hovudårsaka til reduksjonen.

Andre merknader til innsparingstiltaka:

Psykiatritenesta:

Reduksjonen inneber at tenesta vert redusert frå 1,5 årsverk til 1,0 årsverk. Dette er ein stor reduksjon og bør sjåast i samanheng med tal som viser auke i talet på innbyggjarar som slit med psykiske vanskar.

Legetenesta:

Det låg som ein føresetnad ved oppstart av ny legevaktavtale at innteninga skulle aukast med 400 000. Dette kan synast å vere vurdert for høgt i lys av utviklinga i 2016. Listelengdene er auka, men anslaget for inntektsauke er sett til halvparten av opprinneleg anslag.

Legetenesta – reduserte utgifter.

Dette tiltaket var basert på ein tanke om å slå saman sjukepleiarressursar mellom legekantoret og pleie- og omsorgsseksjonen. Dette er førebels ikkje blitt realisert.

NAV-samorganisering med Strand.

Dette tiltaket er ikkje følgt opp og difor ikkje realistisk for 2017 på grunn av uvissheit om framtidig kommunestruktur.

Barnevern:

Her er det lagt inn noko auke basert på erfaringstal, dette gjeld kostnader til advokat og utgiftsdekking fosterheimar.

Seksjon funksjonshemma

Tenesta innehelder Brønnabakka bu og avlastningsteneste, ATO-avdeling på skolen, brukarstyrt personlig assistent, eldre og funksjonshemma aktivisering og støttetjenester, hjelp til heimebuande, arbeidsretta tiltak i kommunal regi og kjøp av tenester i anna kommune.

Avdelinga har i løpet av 2016 fått fleire brukara og tilsette. Avdelinga har nå over 26 årsverk i tillegg kommer oppdragsavtalar og støttekontaktar. Auka i budsjett er i hovudsak lønnsutgifter.

Det er litt usikkerheit i korleis kommunen vil bruke tilskott til funksjonshemma flyktningbarna, til dømes om dette tilskott skal fordelast på tilrettelagt avdeling Forsand skole og barnehagen. Avdeling funksjonshemma vil kanskje være mest tjent med å føre alle lønnsutgifter som ressurskrevjande brukara, og få refundert frå staten. Refusjonsgrunnlaget som er lagt inn på Brønnabakka er eit usikkert beløp.

Vi har gått gjennom drifta på heile avdelinga og gjort små reduksjonar, på blant anna vakter hos tilsett. Vi har fortsatt sikra forsvarleg drift.

Ytterligere innsparingar vil medføre ein nedbemanningssprosess. Dette krev drøfting med rådmann og tillitsvalt. Ein slik prosess vil ta tid og ressursar, i tillegg til at det skapar utrygghet og uro for brukar, tilsett og pårørande.

Kulturseksjonen

I samsvar med omstillingsvedtak i juni er kultur si budsjetttramme redusert med kr 850.000.

Kr 670.00 blir overført til PLO, gjeld teneste 2340 Aktivitetssenteret og teneste 3850 Kulturadm. med 50 % merkantil stilling frå kulturkontoret.

I tillegg har seksjonen vedtak (k-sak 70/16) om å redusera driftsutgifter og henta eksterne inntekter på tilsaman kr 180.000. Reduksjon av utgifter vil føra til mindre kommunale tilskot med påfølgjande omarbeiding av kommunalt tilskotsreglement, slik at det frivillige lagslivet i Forsand får det vanskelegare økonomisk og reduserte aktivitetar/program/arrangement i kommunale regi. Eksterne inntekter utan kommunal finansiering kan t.d skje ved at aktivitetar til barn/unge og fritidsklubb må ha høgare eigenbetaling ved vinter-, sommar- og haustferieaktivitetar, så vel som at barne- og ungdomsarrangement blir for kostbare og såleis må utgå. I praksis vil tenesta kulturaktivitetar/tilskot bli hardast ramma då ein har krav om å få til aktivitetar med mindre midlar som i tillegg må skaffa utanfrå, spesielt når det heile skal skje med redusert bemanning.

Flyktningtenesta er halda utanom innsparingstiltaka då denne i dag kun blir drive med eksterne/statlege midlar.

Behov som det ikkje er funnet rom for i driftsbudsjettet 2017

Biblioteket, kr 50.000:

Eit oppgraderingstiltak i samsvar med ajourført HMSplan for å tilretteleggja nytt skrankeområde og betre arbeidstilhøve for den tilsette. Opprinneleg var 2. etg. «Skåpet» eit vandreareal for utstillingar m.m. som blei «tetta igjen» utan omsyn til støydemping, god ventilasjon, tilgang på stikkontaktar og lysarmatur. I HMSplanen har ein konkludert at både støy og damp/trekk frå inngansdøra tilseier at skrankearealet må flyttast lenger inn i lokalet.

Museum, kr 100.000:

Fordelt på kr 50.000 til opprustingstiltak i sjøhuset i Bergevik og kr 50.000 til ulike museumstiltak/utstillingar av bygdemuseet si samling.

Sjøhuset i Bergevik treng ei minimumsopprusting. I bruksavtale inngått i 1995 har kommunen bruksrett i førti år, i denne også ei plikt om vedlikehald. Sjøhuset i Bergevik har ikkje vore oppgradert sidan 1996.

Lokale museumstiltak som formidling, utstilling, samarbeidsprosjekt krev også økonomiske midlar. Kommunal museumdrift har i dag svært kummerlege tilhøve, både med utstilling, lagring og magasinplass. Etter ombygging av biblioteket ligg albertavla på lager. Ved sal av skulehuset på Byrkjeland og seinare ombygging av Lensmannshuset er bygdemuseet sine gjenstandar stadig på vandring. Bygdemuseet har eit akutt behov for ein stad å samla alle dei fine gjenstandane.

Museum, kr 40.000:

Søknad frå Ryfylkemuseet, der dei ber på ny om at kommunen finn rom for å løyva same midlar som dei fekk i 2014. I budsjettbehandlinga 2012 blei det vedtatt at Ryfylkemuseet eit årleg tilskot på kr 20.000, dette auka i 2014 til kr 40.000. Medan tilskotet blei nedlagt grunna økonomiske årsaker i 2015 og 2016.

Historisk blei Forsand bygdemuseum konsolidert til Ryfylkemuseet i 2004. Men Ryfylkemuseet var lenge fråverande i lokal medverknad. Dette har no endra seg, så i 2016 organiserte Ryfylkemuseet digital registrering med foto av alle våre gjenstandar. Dette var ein kjempejobb som kommunen aldri ville klart sjølv, som igjen viser kor viktig det er å ha eit fellesskap med eit større museum.

Konklusjon frå kulturseksjonen:

Ut frå at samarbeidet med Ryfylkemuseet igjen er på plass bør kommunen løyva kr 40.000 som i dag ikkje ligg inne i framlagt driftsbudsjett.

Ryfylke kunstlag, kr 12.000:

Søknad frå Ryfylke kunstlag om å delta i ny 3 års avtaleperiode 1.1.17 til 31.12.19.

Alle kommunane i Ryfylke har fram til utgangen av 2016 delteke økonomisk i ein fordelingsnøkkel der Forsand sitt årlege tilskot er kr 12.000. Når Ryfylke saman finansierer kr 179.000, yter Rogaland fylkeskommune det same. Forsand har ikkje hatt utstillingar siste åra (bortsett frå ein i haust) grunna at det ikkje har vore eit lokalt kunstlag som tek ansvar for ambulerande utstillingar, minimum 4 per år, 2 vår og 2 haust. Per i dag har kommunen signalisert skriftleg til Ryfylke kunstlag at me ikkje kjem til å fornya avtalen og fortsetja dette samarbeidet då Forsand ikkje har eit lokalt apparat til å administrera desse.

Konklusjon frå kulturseksjonen:

Utan lokale krefter som vil ta ansvar for det arbeidet som utstillingane krev, ser ikkje seksjonen at avtalen kan fornyast. Ulempen er at når vår tilskotsdel uteblir i finansieringa av vidare drift så misser Ryfylke kunstlag totalt kr 24.000, som er inkl. Rogaland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag.

Pleie og omsorg

Ramma for 2017 vart gitt med ei innsparing på kr 500.000. Dette var ei mulig innsparing med tanke på forebygging/ending av tenester ved omlegging av aktivitetssenteret og omorganisering (slå saman seksjonar). Det er derfor svært vanskelig å få budsjettet i balanse før dette er planlagt/iverksatt. Vi har spart inn deler av beløpet (kr 250.000) på å redusere vikarkostnadene i 2017. Dette er ei noko usikker innsparing då vi må vurdere fortløpande behov for vikar. Ei ytterligere innsparing vil innebere ei redusjon av bemanninga, noko eg ikkje kan sjå er mulig nå. T.o.m. august i år har vi eit underforbruk på kr 340.000, det kan bety at vi vil kunne klare større deler av innsparinga, men det er avhengig av drifta (antall brukarar, type brukarar, sjukefråvær m.m.). I tillegg skal 3 tilsette ut i svangerskapspermisjon store deler av 2017. Vi får ikkje refundert pensjon og arbeidsgivaravgifta på desse. Det betyr ein ekstra kostnad på ca. kr 325.000.

Aktivitetssenteret er planlagt overflytta frå kulturseksjonen til plo. I tillegg er kostanden for ØHD-plassene som vi har saman med Strand og Hjelmeland kommune lagt til plo. Denne kostnaden får kommunen tilført i ramma, men den er ikkje vidareført til plo. Dette er ei kostnad på kr 283.000.

Vi behandlar stadig sjukare pasientar både på institusjon og i heimesjukepleia. Dette kan vere svært utfordrande i forhold til grunnbemanninga vår. Til tider er det mange alvorlig sjuke pasientar på ein gong, då ser vi at vi er sårbare overfor slike svingingar. Grunnbemanninga gjer at vi ikkje er fleksibilitet nok. På same tida slit vi nå med å få tak i kvalifisert arbeidskraft, spesielt sjukepleiarar. Dette er ei av årsakene til at vi nå har lyst ut etter 2 faste sjukepleiestillingar i 100 %. Får vi ikkje søkjarar til stillingane vil det medføre at vi må bruke vikarbyrå. Det ønsker vi ikkje då dette er 1,5 gong dyrare og ikkje gir same stabilitet i tilsettgruppa som vi ønsker å ha.

Skule

Skulen har redusert i bemanninga ved å la vera å tilsetja i 60% pedagogstilling frå skulestart hausten 2016. Me har også kutta kontaktlærarar frå to til ein pr klasse (bortsett frå i ein klasse). Denne innsparinga er gjort frå hausten 2016. Vidare har me kutta i to-lærarressursen i klassane og gått over til å ha kursverksemd i det elevane treng meir opplæring i. Dette gjeld alle klassane bortsett frå i ein, der me har behalde to-lærarsystemet. I sistnemnde klasse sparte me inn ekstraressursar på fleire einskildelevar mot å ha to-lærarsystemet på klassen i basisfaga. Dette er gjort i samråd med PPT.

Ved å redusera lærarkreftene i klassane, har me nok personale til å undervisa flyktningane. Me har ein ressurs på 1,8 årsverk til norskopplæring av flyktningane i klassane. I tillegg trengst det 0,8 årsverk til spesialundervisning av flyktningar på ATO, samt 2 fagarbeidarårsverk. Ein ATO-elev startar på vidaregåande skule hausten 2017, og fagarbeidarstilling samt pedagogressurs vil forsvinna, og det er teke høgde for i budsjettet.

På grunn av åtferdsproblema i ein klasse i førre skuleår (2015-2016), sette me inn ekstra ressursar, som etter kvart blei fordelt på tre klassar. Me har nå ekstra ressurs i to klassar.

Ressursen var planlagt å bli fasa ut etter kvart som me såg framgang. Denne ressursen er nå gjort fast med enkeltvedtak etter sakkunnig vurdering og kan ikkje kuttast. Difor er ikkje kutt teke med i budsjettet for 2017. Tradisjonelt har eventuelle åtferdsproblem vore å finna på ungdomsskulen. Den nye tendensen er at slike problem har forflytta seg til småskulen. Skulen har difor tilsett folk med annan kompetanse på åtferd enn den me tradisjonelt har hatt, og det utgjer 2 årsverk. Dette er stillingar som er rekrutterte frå andre seksjonar i kommunen. Noko av denne ressursen blir også brukt i dei to nemnde klassane.

Den kulturelle skulesekken (DKS) har fått nokre kutt, i tråd med kommunestyrevedtak: Utanlandsturen for 10. klasse blei gjennomført hausten 2016 for siste gong som skuletur. Garden som pedagogisk ressurs for 6.klasse er avslutta, samt nokre ekskursjonar (rettssal, Tine-stafett, bussturar i nærområdet) er kutta. Me har ikkje kutta tur til Bakken, Lysebotn og Flørli, som er i tråd med det kommunestyret bestemte. Stenging av SFO i juli månad er teke høgde for. Kutt i valfag for ungdomsskulen (frå tre til to) blir gjort hausten 2017.

Budsjettet for skulen er stramt. Tradisjonelt har me hatt godt økonomisk armslag, men slik er det ikkje lenger. Mange har krav på spesialundervisning, utfordringar på åtferd hos nye elevgrupper og mange nye elevar frå andre land gjer at det er utfordrande at rammene blir mindre. Me skal gi eit opplæringstilbod som er forsvarleg og i tråd med opplæringslova for alle elevar, og difor går det ei grense for kor mykje som kan kuttast. Satsinga på tidleg innsats (kurslærer) frå første klasse av, meiner me kan minska behovet for spesialundervisning, og skulen kan greia seg med noko mindre personale i høgare klasstrinn etter kvart.

Eigedom, drift og investering

Driftsbudsjettet bærer preg av ein reduksjon på kr 0,733 mill. frå kr 17,143 mill. i inneverande år til kr 16,410 mill. i 2017.

Veg

Seksjon Eigedom, drift og investering skulle og ønske eit høgare asfalteringsbudsjett der ein ville tatt med asfaltering av 3,6 km veldig dårleg veg i Vinddalen, 1 km Øyren-Bergevik, samt 3 km veldig dårleg veg i Songesand. Totalkostnadene for desse 3 vegene vil liggje på rundt kr 2,6 mill.

Tiltaka er vurdert finansiert av vegfondet, men rådmannen har likevel ikkje funnet rom for desse tiltaka i 2017.

Vidare er det som tidligare år nemnt, behov for nye feristar i Songesand til ein kostnad på kr 300.000.

Kommunen har også akkurat mottatt ein rapport om rassikring langs Haukalivatnet frå Multiconsult as der ein ikkje har eksakte kostnader for rasvoll, men det kan fort komme på kr 1,0 mill. for billigaste variant av sikring.

Gateljos vert utskifta etter planen og vil venteleg gi utslag i billigare straumrekning

allereie i år.

Vass og avlaup

Kommunen har igangsatt møter med IVAR som gjeld mulig sal av vass og avlaupstenestene ut av kommunen ihht vedtatt omstillingsprosess. Dette vil ikkje influera på 2017 budsjettet, men om det blir sal så vil virkningane komme i 2018.

Eigedom

Seksjonen prioriterar fortsatt vedlikehald av kommunal eigedom og vil så langt som mogeleg ikkje redusera aktiviteten på dette området. Ein har difor lagt inn kr 0.5 mill. til oppgradering av ein kommunal leiligheit på Øyren for 2017, i tillegg til kr 0,75 mill. som gjeld utvendig vedlikehald.

Seksjon Plan og forvaltning

Kostnader med bygge- og delesaker, oppmåling og sakshandsaming av private reguleringsplaner, samt dispensasjonar vert finansiert etter sjølvkostprinsipp. Det betyr at denne delen av seksjonen skal kunne balanserast over tid slik at det vert samsvar mellom utgifter og inntekter. Basert på utviklinga av bustadbygging i 2016 kan det nok forventast noko mindre bustadbygging i 2017. Mindre bustadbygging vil kunne medføre reduserte inntekter, blant anna for byggesaksbehandling, delesaker og oppmålingsaker. Det vil difor være viktig å forsøke å holde utgiftene nede.

Gebyrene for desse tenestene vert justert med ca. 20 % fra 2016 til 2017 samstundes vert det gjort mindre justeringar mellom dei ulike gebyra.

Plan og Forvaltning har ansvaret for mange tjenester fordelt på få fagpersonar, noko som gjer tenesteproduksjonen sårbar. Utarbeiding av arealplaner krev i dag omfattande dokumentasjon og vurderinger innen fleire fagområder der kommunens egne ansatte ikkje har tilstrekkeleg kompetanse. Det er difor naudsynt å kjøpe inn tenester utanfrå. Dette gjeld særskilt kart og oppmåling. Det pågår arbeid med kompetanseoppbygging av tilsette på kart/oppmåling og ein reknar med at kjøp av tenester utanfrå vert redusert i 2017.

Kommuneplanen er det viktigaste overordna styringsdokumentet seksjonen nyttar ved sakshandsaming av areal og byggesaker. Kommuneplanen er gammal og treng oppdatering.

Andre forhold

Forsand sokneråd

Iflg. Lov om Den Norske Kyrkja skal kommunane yte tilskot til drift av kyrkjegardar og kyrkjekontor. For 2017 er tilskotet kr 2.364.000.

Revisjon og kontroll

I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet er det ført opp eit samla budsjett på kr 746.000 inkl. mva for kontroll og tilsyn i 2017.

7. Investeringsbudsjettet

